



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 4, 58. ÅRGANG, 2019



1 Nå vandrer fra hver en verdens krok
i ånden frem, i ånden frem
et uoverskuelig pilgrimstog
mot Betlehem, mot Betlehem.

2 Se, barna går foran, glad i flokk,
så kvinner og menn, så kvinner og menn.
Selv skjelvende gamle tar sin stakk:
Til krybben hen, til krybben hen!

3 For alle har samme hjertetrang
til julens fred, til julens fred.
Guds kirke i Norge, ved våg og vang,
følg med, følg med! Følg med, følg med!

4 Og finner du ham i krybbens hø
som hyrder så, som hyrder så,
da eier du nok til freidig å dø
og leve på, og leve på.



I armkroken.

Det kjentes som ein stor kveld då vi hadde samla alle dei nye soknerådsmedlemmane til konstituering i prestegarden.

Det summa rundt borda, mange spørsmål i det dei skulle fordele oppgåver og verv.

Som alltid er den største utfordringa å finne ein leiar, men det var stor velvilje til å ta oppgåver og ansvar. Like eins har det kjentes i møta som eg har hatt med sokneråda i etterkant. Nye møte er planlagt, og ein har ynskt å sjå på kva vil ein, kven er vi, «lat oss bli litt meir kjende.» Vi slutta kvelden i Volbu kyrkja til ein liten kveldssong.

SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Ho ligg litt spesielt til Volbu kyrkje, slik tenkte eg og da eg gjekk verdivandring med vår nye kyrkjeverje Marianne Straum. Ho ligg liksom i armkroken av bygda.

Kva betyr det for oss å ha nokon i armkroken? Jamt over å gje omsorg og varme, å vera glad i. Men det kan og bety å bli glad i. Noko som veks seg til over tid. Litt som å få barnebarn; Dei er skjønne heilt frå fyste stund, men eg kjenner at det betyr mykje å få lov til å bruke tid saman med dei, stelle, skifte bleie, gje mat, ha i armkroken til ei TV stund eller ei god bok. Noko veks når ein tek vare på og viser omsorg. Hjartet veks, tilhørigheta veks, fellesskapet veks mellom oss som tek vare på også.

Kyrkja er organisert slik at to frå kvart sokneråd skipar fellesrådet som har ansvaret for å ta vare på kyrkjebygga og kyrkjegardane. Sokneråda har ikkje fyst og fremst denne oppgåva. Men på kyrkjegardsdugnadane i mai gir soknerådet bygdefolket eit spesielt høve til å ta henne i famn. Sokneråda har mest ansvar for å ta vare på folka som kjem til, eller skal få høve til å koma til kyrkje, eller som høyrer til i bygda rundt. Og det er heller ingen liten ting; å ta bygda i armkroken. Å skipe til gode møteplassar i og i samband med kyrkja.

Det har vore mange store kveldar for ein heldig sokneprest som sit i fire sokneråd. Overlappingsmøte der stafettpinne og engasjement blir sendt vidare. Avslutningsfestar og møte der vi har mimra, avslutta, og eg har fått kjenne gleda over å ha blitt kjend med og arbeidd saman med alle desse flotte folka!

Eg er takksam for 4 gode år som har vore, og eg gleder meg til 4 nye år!

- Eli



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

E-POST:
post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID:
Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar
Sokneprest/fjellprest:
Prost:
Sekretær:
Kyrkjegardsarbeidar:
Kyrkjemusikar:
Menighetspedagog:

MARIANNE STRAUM	61 35 25 76
ELI VATN	991 29 976
CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
MAGNE OLAV SELLAND	934 19 294
ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og
Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designsaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE
NUMMER: 28. JANUAR 2020

FRAMSIDE: Julevandring med ungar frå Rogne barnehage, Keiser Augustus leiar an.
FOTO: Eli Vatn

LIDAR KYRKJE
Klokkar: Anne Britt Skåthun
Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

HEGGE KYRKJE
Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE
Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
**Soknerådsleiar: Bjørg Kristin
Skogen Opheim**

ROGNE KYRKJE
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
**Soknerådsleiar: Rannveig Rogne
Villmones**





Kim, alle klokker!

AV: BISKOP SOLVEIG FISKE
FOTO: LIV TORHILD BRAATHEN

Jula ringes inn. Ut over by og land høres tonen som salmedikteren Grundtvig formidler:

Julen er kommet med solhvern for hjertene bange.

Dette er et glederikt bud. Håp, trøst, mot og gnist til hjertene bange.

Grundtvig skrev det slik midt på 1800-tallet. Livet var sammensatt den gangen som nå. Men det skjer noe stort og vakkert med barnet som fødes. Det er som når dører mot alle odds stilles på gløtt i en vanskelig situasjon der gode løsnings-er ikke uten videre er tydelige. Her er vi i nærheten av budskapet om Jesusbarnets livgivende og trøstefulle nærvær midt i blant oss.

Julebudskapet er brakt videre gjennom generasjoner. Dynnasteinen på Hadeland fra tidlig på 1000-tallet formidler hvordan juleevangeliet er brakt videre. Bildescenene som er risset inn, viser ingen majestetisk guddom, men et nyfødt barn som blir tilbedt. Vi ser Betlehemsstjerna i toppen, stallen med Jesusbarnet og Maria og de hellige tre konger som kommer ridende. De kommer for å tilbe Jesusbarnet og blir påminnet Guds nærvær.

Mennesker hører sammen på tvers av geografi og tid. Sammen minnes vi om å rekke og gi hverandre handa og uttrykke vilje og ønske om å bygge felles fremtid. Felles fremtid i et grensesprengende fellesskap med rettferdighet lokalt og globalt.

Jula er ei annerledes tid. Ei tid som er overskridende i tid og innhold. Kristi kjærlige lys holder oss fast i sannhet og håp.

Juleevangeliet setter oss nær til naturen, livet, skaperkreftene og til tidligere generasjoner, de som er gått ut av tida før oss. Våre forskjellige tradisjoner knytter oss sammen med det som var og det som er. Vi inviteres til å synge julens mysterium med englene:

Ære være Gud i det høyeste og fred på jorden blant mennesker som Gud har glede i!

Jesusbarnets livgivende og trøstefulle nærvær er midt iblant oss. Velsignet julehøytid ønskes dere alle!

Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor



glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre:

«Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.





med Marianne Straum.

Med ansvar for heilage rom for alminnelege menneske.



Kyrkja og kyrkjegarden kan hjelpe oss å sakke ned farten.

Kven er ho, den nye kyrkjeverja? Ho går stilt i gangane, kontoret er fylt av ei venleg ro, eit lunt smil er det som møter ein.

Vi skulle kan hende ha reist til Heensåsen. Det var her Marianne hadde sin barndoms kyrkjeopplevingar, ved ei anna lita kvit kyrkje, med eit fantastisk utsyn over Vangsfjella og Vangsmjøsa. Ei kyrkje kor eg kjenner far hennes gjennom soknerådet i mest alle dei vel 20 åra vi budde der, og der bae foreldra har stilt opp og hjelpt til med kyrjekaffe og misjonstemner.

Men vi starter vandringa i Volbu, ei av «hennar» kyrkjer no, og ruslar bortetter Skatrudvegen. Eg lurar på kvifor ho ville bli kyrkjeverje? Eg forstår at det har mognast, ikkje minst tanken om å ha dei kvalifikasjonar som trengst (og eg tek imot kreditten for å ha hjelpt ho med å skjøne at det har ho). Ho fortel at ho alltid har hatt eit forhold til kyrkja - vokse opp i ein kristen heim, gått på søndagsskolen, litt fjernare i ungdomen, kome heim til jul, gått til kyrkje like mykje for å treffe kameratar/venin-

ner, eit kristen ungdomskor under studietida som baud på eit miljø. Og så etter kvart som ein møter ting i livet kjem ho til å bety meir. Ikkje så fjernt då å jobbe i kyrkja. «Eg er og interessert i historie og kultur, og kyrkja og kyrkjegardane er blant våre viktigaste kulturminner. Dei formidlar mykje historie og fortel mellom anna om kunst, musikk, byggeskikkar og slekters gang.»

«Kva er kyrkja si rolle i samfunnet tenker du?»

«I ei tid der ting fær så fort fram på alle måtar, byr kyrkja på noko som folk kjenner igjen, noko som representerer kontinuitet, noko trygt og føreseieleg.»

«Kva tenker du om ho i framtida, kva rolle ynskjer du at ho skal ha?»

«Eg likar visjonen til Hamar bispedømme «Heilage rom for alminnelege menneske», betre enn Den norske kyrkjas: «Meir himmel på jord.» Hamars visjon er konkret og lettare å forhalde seg til». Under teikna kan ikkje anna enn seie meg eining! Eg trur ofte vi gjer mykje alt

for svevande. Men eg kan likevel ikkje dy meg og utfordrar:

«Kva er det som gjer rommet heilagt?» Ho svarar; litt nølande «Symbola, rituala...»

Vi snur der det byrjar å bli litt brattare opp mot Skatrud.

«Kva er det som gjer kyrkja tilgjengeleg for alminnelege menneske?»

Marianne nemner Den gylne time, ope kyrkje i Volbu ein måndag i månaden, konsertar - ting som gjer at terskelen er lågare enn han kan hende er ved gudstenester. Men det er ei utfordring å få kyrkja til å opplevast open «for alle» og med låg terskel.

Marianne held fram om utfordringane: «Kyrkja treng folk, både dei som brukar ho, men og dei som gjer ho tilgjengeleg. Det hjelper ikkje å ha flotte kyrkjebygg om ein ikkje har folk til å halde dei opne og varme, fyller henne med innhald. Det er ei utfordring å rekruttere til kyrkjelege stillingar, og vi må ta vare på dei vi har.» Marianne er tydeleg på at hennar oppgåve også er at arbeidsstokken har det bra, og blir verande.

Eg har støtt tykt at Volbu kyrkje ligg som i armkroken på bygda, og vi blir fort samde om at det er ein slags vekselverknad; kyrkja betyr noko fordi ho er der for oss; ho tek imot oss. Samstundes betyr ho noko for oss fordi vi tek vare på henne.

Vi er komne attende til kyrkja, døra står på gløtt, vi kan høyre at Magne Olav øver. Vi tek ein tur rundt på kyrkjegarden. Han ligg der roleg, pynta for vinteren og byr



på ro og ettertanke. «Eg ynskjer at folk bruker kyrkjegarden meir, er Mariannes spontane utbrot. Men ho vedgår at det er annleis å gå her enn på kyrkjegarden på Heensåsen, der er det andre minne. Og det er fint på kyrkjegarden her, med ein benk i sørveggen, der det er lagt til rette for å finne ro og stillheit.

Døra står framleis på gløtt inn til kyrkja, vi lister oss inn i varme lune Volbu kyrkje. Ho tek imot; byr oss ein benk, og heldige som vi er i dag; ho tek imot med musikk. Det er godt å setje seg når ei har gått tur slik, vi seier ikkje så mykje, men etter ei stund må eg berre kviskre: «Kjennes kyrkja annleis som di, - no når du har ansvar for henne på ein ny måte?» Ho gjer det! «Eg kjenner litt på ein «skrekkblanda fryd» over å få vere med å forvalte noko som betyr så mykje for så mange.» Kan hende ikkje så lett å setje ord på kva det dreier seg om, eller eg er

for blyg, så eg tenkjer mitt. Kyrkja er nemleg og annleis for meg når eg skal vera med og gjera ho tilgjengeleg for andre, vera med og la henne favne folk som kjem, enn om eg kjem for å få trøyst eller inspirasjon.

Marianne fortel om arbeidet og rolla si som kyrkjevevjer at ho likte forgjengar Anne Nora sin tanke om at å vera som ei mor som steller heime; ho står ikkje alltid i fremste rekke, men er der når ein treng det. Ja slik trur eg dei begge har evne til å ta imot og ta vare på sine medarbeidarar. Og når eg utfordrar; eg som likar å få folk frampå; slær ho klart fast: «Ein kan godt vera tydeleg sjølv om ein held seg litt i bakgrunnen!» Ho gir meg ikkje høve til å tvile på det sjølv om eg definitivt mest har sett ho smile.

Takk for turen, og gled dykk alle gode lesarar til trivelege møte med Marianne.

MIN SALME



EIT BARN ER FØDT I BETLEHEM

«Eit barn er født i Betlehem» er ein av dei mest kjente julesongane i Norge. Den er oversett frå den gregorianske julehymna «Puer Natus in Betlehem» og har vandra frå munn til munn og høyrte til eit kyrkjeleg og folkeleg fellesgods.

Den finst med mange ulike melodivariantar frå alle kantar av landet. Salma vart opprinneleg brukt til å synge ute ved krybbene dei hadde utanfor kyrkjene i Mellomalderen, den tida då julevangeliet vart dramatisert. Melodien og teksten me alle kjenner til denne salma (Ludvig Mathias Lindeman sin frå 1871) har eg gode minner om frå juletrengong på juleftan med mamma, pappa og syster mi og gjerne ein bamse eller to for å få ringen rundt treet større. Etterkvart lærte me oss ein Valdres-variant av denne melodien, og den er endå vakrare! Tonen er nedskreven etter spelemannen Nils Beitohaugen (1863-1932) i 1916 av O. M. Sandvik og står i boka «Valdrestonar» frå 1973 av Øystein Gaukstad.

-Berit K. Myrvang

*Eit barn er født i Betlehem,
i Betlehem.
No frydar seg Jerusalem.
Halleluja, halleluja!*

*Her ligg han i eit krubberom,
eit krubberom,
men rår med evig herredom.
Halleluja, halleluja!*

*Men okse der og asen stod,
og asen stod,
og såg den Gud og Herre god.
Halleluja, halleluja!*

*Tre kongar kom frå Austerland,
frå Austerland,
gull, røykjels, myrra gav dei han.
Halleluja, halleluja!*

*Han boren er forutan mann,
forutan mann,
og av Maria føddest han.
Halleluja, halleluja!*

*Han sjølv, som er Guds eige Ord,
Guds eige ord,
han kom i kjøt og vart vår bror.
Halleluja, halleluja!*

*Ein gong vi vert vår Herre lik,
vår Herre lik.
Han leier oss til himmelrik.
Halleluja, halleluja!*

*For juletid med gledebod,
med gledebod
skal Herren evig ære få.
Halleluja, halleluja!*

*Treeinig Gud, vi lovar deg,
vi lovar deg,
for frelsa no og æveleg!
Halleluja, halleluja.*





Avtroppande sokneråd takkar av og lar stafettpinnen gå vidare.

INNLEIING: INGRID MEYRICK
FOTO: MARIANNE STRAUM

I haustnummeret skreiv vi om valet og i dette nummeret presenterer vi dei nye råda.

I dette høvet fekk vi lyst til å høyra litt om korleis desse fire åra har vore for dei som no leverer stafettpinnen vidare. Dette tenkte vi kunne vera interessant for deg som les bladet - for ein gong blir det kanskje din tur til å sitja i dette rådet.

Difor sende vi nokre spørsmål til soknerådleiarane som dei kunne bruka for å seia litt om korleis desse fire åra hadde vore. Vi brukte stikkord som «mest krevjande, inspirerande, frustrerande» og ba om gode råd til dei nye - og kanskje kva dei skulle ynskja hadde vore annleis.

Og med dette takkar vi alle fire for at de tok utfordringa og skreiv! Alt er kome inn uavkorta.



LIDAR SOKN

METTE LEIN

Det var en ganske så uerfaren, men godt motivert gjeng, som overtok stafettpinnen høsten 2015, og skulle drifte Lidar sokneråd de kommande 4 årene.

Takket være rause gaver over flere år, er Lidar sokn i en gunstig økonomisk situasjonen. I forbindelse med bispevisitasen høsten 2018, utfordret bikopen oss på å bruke mere av disse pengegavene, slik at de kom kirkebygget og kirkegården til gode.

Vi har derfor hatt to store oppgaver på tampen av perioden vår nå- vi har fått bygd en ny rullestolinnang, og vi

har en kontrakt med tanke på å utbedre kirkeorgelet. Å fullføre det siste, blir en jobb for det nye soknerådet.

Lidar sokn har få faste kirkegjengere, men vi opplever at kirka er godt besøkt i forbindelse med dåp, konfirmasjon, jul, utdeling av kirkebøker for ulike alderstrinn ol. Vår styrke har vært å trekke folk til kirken via kulturelle opplevelser. Her kan nevnes årlige hendelser som Dylanmesse og jazzkonserter. I tillegg har vi hatt forestillingen Pilegrimsdansen med Silje Onstad Hålien som ansvarlig, og hatt konsert med Marianne Bye Granheim og Henning Sommerro med forestillingen "To passasjerer"

Vi har helt klart en utfordring med å rekruttere flere yngre til å være med i soknerådsarbeid og kirkelig aktivitet generelt utenom konfirmasjonsperioden. Kanskje kan det nye soknerådet tenke mere kreativt rundt det enn vi har fått til?

Å være kirkevert både i Lidar kirke og Lyskappellet har gitt variasjon og ulike erfaringer. Kirken har vært og er i forandring, og det er ikke

alltid like lett å skjønne hvilke konsekvenser det får for grasrotarbeidet i kirka. Kanskje kan det være lurt å sette av tid til å samtale om dette, gjerne på tvers av soknerådsgrensene. Gravferdsskikker er i forandring, og også dette tror vi det er lurt å få mere kunnskap om.

Som sokneråd har vi samarbeidet godt, brukt hverandres styrker og hatt det trivelig sosialt. Vi har fått masse ny kunnskap, knyttet nye bekjentskaper og tatt et tak for fellesskapet.



VOLBU SOKN

EINAR ERIKSEN

Kyrkja er eit av elementa som gjev identitet til eit lokalsamfunn. Eg tekjer at det er viktig at folk som

ynskjer levande bygder også tek sitt delansvar anten det gjeld politikk, lokale lag - eller altså kyrkja.

Eg trur at det nettopp er ei slik type ansvarskjensle som har vore den tydelegaste motivasjonsfaktoren for oss som har sete i soknerådet desse fire åra- ikkje nødvendigvis eit brennande engasjement for «saka». Dette trekket speglar kanskje også folkekyrkja sin eigenart, styrke- og svakheit.

Rådet vårt har i all hovudsak brukt tid og krefter på å halde hjula i gang på kjende vegar. Det er også verdfullt å kunne bidra til å ta vare på ein sentral tradisjon. Og arbeidsøkta vår har dessutan gjeve kvar og ein av oss ny kunnskap og nye kontaktar som berre har vore positivt. Vi sluttar difor ikkje med nokor dårleg kjensle, men nybrottsarbeid og den store kreativiteten kan vi- som sokneråd flest- ikke vise mykje til. Eg trur det siste har både med eigne forventningar og folkekyrkjeideologi å gjere.

Det har ikkje vore vanskeleg å finne nytt sokneråd denne gang. Det er veldig bra. Kanskje vil det også vere slik lenge, men i ein situasjon der færre enn før identifiserer seg med kyrkja, er dette langt frå sjølv sagt. Her ligg det nokre strategiske utfordringar og dilemma og ventar.



HEGGE SOKN

GUNVOR HEGGE

Når eg no ser tilbake på den tida eg har vore med i soknerådet, ser eg at eg

har lært mykje om kyrkjeleg arbeid og kor viktig det er for folkekyrkja at vi har eit frivillig engasjement i sokna som er med og legg til rette for det åndelege arbeidet. Samstundes er det ein fin sosial arena, ein blir betre kjend med sambygdingar og tilsette i kyrkja og kan utvikle nye vennskap og kjennskap.

800-årsjubiléet til Hegge kyrkje i 2016 er eit godt døme på korleis eit frivillig engasjement kan koma til uttrykk. Her stilte folk opp på dugnader og arrangement gjennom heile året, og greip høvet til å vise at kyrkja betyr noko for oss og har ein viktig plass i liva våre. Gjennom soknerådsarbeidet tek vi vare på kyrkja og legg til rette for at folk skal vera velkomne til kyrkjelege handlingar også utanom dei store hendingane.

Når ein blir vald inn i eit sokneråd, veit ein oftast ikkje heilt kva det inneber og kva for rolle ein skal ha i dette arbeidet. Vi som leverer stafettpippen vidare må vera flinke til å informere om rutinar, slik at ein ikkje treng å bruke altfor lang tid på å koma inn i arbeidet. Eg trur også det er fint om det nye soknerådet set si farge på arbeidet og aktiviteten. Det å vera kreativ, tenkje aktivitetar litt utanom det som har vore gjort alltid, kan vera med på å fornye engasjementet. Ein kan kanskje på den måten nå nye medlemmar, ikkje minst den yngre garde. Det blir gjort mykje godt arbeid for barn og unge gjennom trusopplæringa, utfordringa er å finne aktivitetar som kjennest meningsfulle for dei unge vaksne også.

Soknerådet er ikkje åleine saman med soknepresten, som også er medlem i soknerådet, om å drifta kyrkjelivet. Eit godt samarbeid spesielt med kyrkjevevje og kyrkjetenar er viktig og godt. Her har vi vore svært heldige, både Anne

Nora og Jon Gunnar har vore solide støttepelarar med den kunnskapen dei har om kyrkja gjennom mange år.

Også dei andre tilsette er viktige brikker for å få arbeidet til å flyte godt. Takk til dykk alle for godt samarbeid!

Til slutt vil eg få takke for fine år i soknerådet, og ynskje dei nye lykke til med vidare arbeid!



ROGNE SOKN

BERIT KARLBERG MYRVANG

Eg har hatt ei spanande og utfordrande tid med mange ulike erfaringar frå eit breidt spekte frå alle livets fasar. Frå gudstenesteliv til møtestyring, økonomiforvaltning, kyrkjebyggansvar, trusopplæring, diakoni, salmekveldar, juletefestar og drifting av kyrkjestogo m.m.

Det vart mange spørsmål og ikkje alltid so lett å finne svar i starten om kva slags arbeidsområder me hadde og kva slags økonomi me rådte over. Økonomispørsmål og forvaltninga vart det mest krevjande, men også alle tankar kring kva eg burde ta fatt i av arbeidsoppgåver utan og nødvendigvis føle meg kompetent til dei eller ha særskilt interesse for alt.

Eg kunne sjølv sagt ynskt meg meire pengar og meire ressursar til kyrkja og ein annan styringsmodell for sokna/Kyrkja/Fellesråd. Det er mange ulike oppgåver innan mange områder i soknerådsarbeidet og kva kan ein eigentleg for-

vente av det enkelte medlem med ulik grad av kompetanse og engasjement? Eg kunne også tenkt meg og gjort meir for ungdomen.

Me har samarbeida me prest, prost, trusopplærar, organist, reinhaldar, kyrkjetenar, sekretær og kyrkjevevje. Her er det mange dyktige tilsette og ikkje minst frivillige som gjer ein formidabel innsats! Me er også ekstra heldige som har eit prest/prostepar som er dyktige, varme, rause og engasjerte og som er gode å støtte seg på!

Det er vanskeleg å trekke fram ein enkelt ting, men eg er veldig fornøgd med at me har fått pussa opp båret, hatt diakonitreff for eldre og salmekveldar med kjempebra oppmøte og driftige eldsjeler som står på for å få det til!

Det er mange råd å gje, det viktigaste er at me har fått samla meire skriftleg og munnleg informasjon til det nye soknerådet og at me har vore grundigare i overlappinga enn det me sjølve opplevde då me starta.

Soknerådsmedlem er menneske med ulike bakgrunnar, tilknytning og tilhøyrighet til kyrkja.

Ein treng ikkje ha bakgrunn med høg grad av deltaking og identifisering med kyrkjeliv og tradisjonelle trusførestillingar for å vera soknerådsmedlem, difor trur eg det kan vera slik. Men her det sikkert like mange grunnar som det er menneske og kan hende det må til ei spørreundersøking om Kyrkja vil finne ut av årsaka.

Det mest spanande og inspirerande har vore møte med barn og ungdom. Dei unge har eit nysgjerrig ufiltrert syn på «alt mellom himmel og jord».





Fornøyet pensjonist Anne Nora. Foto: Eli Vatn



Rosettbakkels må til når livet ruller videre for TorneROSE. Foto: Eli Vatn



Fellesrådets leder Sissel Rogne takka for trufast teneste i alle år. Foto: Eli Vatn

Intervju med Anne Nora Alund, vår fyrste kyrkjeverge, som vart pensjonist den 1. november.

Historisk avtakking i kyrkja i Øystre Slidre

AV: LILLIAN NORDLI OG MARTHA VIKEN

Kva fekk deg til å søkje stillinga som kyrkjeverje?

Mi gamle skolevenninne Marit Slettum (sokneprest i Etnedal) oppfordret meg. Hun visste jeg holdt på

med lederutdanning og at det kom administrativ lederstilling i Kyrkja i alle kommuner fra og med 1997.

Kva var dei største utfordringane du møtte på som den fyrste kyrkjeverja i Øystre Slidre?

Den største og første utfordringa i 1997 var å lage budsjett for fellesrådet, uten å ha noe å bygge på. Lønnsutgiftene var tidligere mest timebasert og mye gjort på dugnad. Andre driftsutgifter, utstyr- og vedlikeholdsbehov ved kirker og kirkegårder hadde en heller ikke planer eller samlet kjennskap til. Ramma fra kommunen var også veldig lav, for de visste heller ikke behovet.

Kva er det du har fått gjennomført som du er mest stolt over?

Det jeg er mest stolt over er oppgradering og utviding av kirkegården i Lidar. Det har vært et langvarig prosjekt, et sted hvor vi har klart å fornye oss og samtidig bevart trygghet og stedsdegenhet». Ikke minst har vi «bygget» sammen med lokalbefolkningen både økonomisk og i praksis.

Nemn ei av dei største opplevingane du har hatt som kyrkjeverje.

Det har ikke vært ved de største arrangementene (jubileum, visitas o.l.) eller ved store driftsoverskudd. Men jeg har fått noen opplevelser som har berørt i «dybden» fordi oppgaven ble utført med respekt, omsorg og integritet. Da kjente jeg at her var en på «hellig grunn». Mer konkret kan jeg ikke være, for alle perler skal ikke vises fram.

Kva har inspirert deg til å stå i jobben i så mange år?

Kirkevergerollen skal ivaretaforvaltning av arv, men også være med å tenke og legge til rette for det nye som kommer. Begge deler har jeg opplevd å kunne bruke arbeidstid og ressurser på. Dessuten har jeg hatt gode medarbeidere som har vært med og dratt lasset i samme retning.

Har du noko ynskje / håp for kyrkjene i Øystre Slidre?

Mitt ønske for Kyrkja i Øystre Slidre er: Ta imot velsignelsen (mot, håp og glede) når det startes på nytt.



Takknemlig stab ønsker i dei gode feers ånd den nyfødte pensjonisten Anne Tornerose Nora alt tenkelig godt! Foto: Saskia Aleida Van Veen



Til bords med Anne Nora sat det fyste fellesrådet i Øystre Slidre, mangt å minnast frå den gongen dei tilsette Anne Nora som fyrste kyrkjevevje. Foto: Eli Vatn



Solveig Sandberg

Altarduk i Lidar kyrkje



Altardukar til pryd og glede.

Denne spalta er i år via tekstilane på altara i dei fire kyrkjene i Øystre Slidre. Difor var eg spent då eg gav meg i veg til kyrkja i Lidar. Sanneleg fann eg akkurat lik duk på altaret her som i dei tre andre kyrkjene! Ein vakker kvit linduk voven av Magny Karlberg med firflettingar frå Ragnhild Onstad sine hender og over denne låg ein vareduk sauma av Hildegunn Dale.

Prydnaden høver godt saman med den vakre altartavla laga av kunstnaren Olav Rudi frå garden Øystre Okshovd. No er det difor på sin plass å fortelje litt om ho som heldt orden i mylderet av trådar og skapte ei vakker ramme kring altarborda i kyrkjene våre.

Ragnhild Onstad var fødd på garden Mo i Rogne i 1919. Far hennar var den kjende byggmeisteren Erik Erikson Moe som sto ansvarleg for mange store byggeprosjekt i Øvre Valdres. I heimen meistra dei òg fleire slag handverk. Mellom anna gjekk den gamle handverksteknikken å flette med fire trådar i arv. Då Ragnhild var i tenåra, tok det til å krible i fingane etter å lære dette og lærarmeister var den sju år eldre systera Kjellaug. Kjellaug hadde i si tid lært dette av «møyster» (tanta) deira, ho Ingebjørg Tvenge. Sjølv etter at Ragnhild vart gift og travel gardbrukarkone på garden Onstad i Volbu,




Ragnhild Onstad i arbeid med firfletting. Foto utlånt av Erik Moe.

held ho fram med handarbeidet. Og ikkje nok med det, men ho delte av kunnskapen sin med mange. Eg har ikkje tal på alle dei kurs ho har halde for å lære bort firflettingskunsten. Ragnhild gjekk bort i 2009, men minna om henne er mange og dukane ho gav til kyrkjene våre er ei gåve til oss alle.



UTDELING AV 4-ÅRS BOK!



Gudsteneste med utdeling av 4 årsbøker for alle sokn skjer i januar 2020.

Lidar kyrkje: 12. januar kl. 11.00
Volbu kyrkje: 12. januar kl. 13.00
Rogne kyrkje: 26. januar kl. 11.00
Hegge kyrkje: 26. januar kl. 13.00

Eigen invitasjon blir sendt i posten.

ÅRSMØTER I 2020.



DEN NORSKE KYRKJA

Det vert årsmøte for kyrkjelydane etter messetid desse datoane.

Volbu	2. februar messe kl. 11.00
Lidar	2. februar messe kl. 19.30 Lidar har årsmøte kl. 18.00 <i>før</i> messa.
Hegge	23. februar messe kl. 11.00
Rogne	8. mars messe kl. 11.00

Restaurering av orgelet i Lidar kyrkje.

AV: MAGNE OLAV SELLAND, KYRKJEMUSIKAR



Det er no bestemt at orgelet i Lidar kyrkje skal restaurerast i veke 6–18 og blir altså ute av funksjon frå 1. februar–til 3. mai 2020.

Då skal det få ei etterlengta restaurering og oppgradering.

Instrumentet vart bygd i 1988 av Norsk orgel og harmoniumfabrikk, og er eit av svært mange «snertingdalorgel» i distriktet. Med sine 12 stemmer er det saman med orgelet i Hegge, som er bygd av samme firma, det største i Øystre Slidre. Behovet for reparasjon har synt seg dei siste år fyrst og fremst i problem med stemming av orgelet. Hovudår-

saken til dette er dårlig luftforsyning som følge av skader på belg. Dette fører til forskjellig i luftrykk i kvar enkelt klingande pipe etter kor mange stemmer (register) som er i bruk til ei kvar tid, og derfor variasjon i tonehøgda.

Våren 2018 hadde orgelkonsulent Hans Jacob Tronshaug befarings av orgelet og peika då også på ein del andre tiltak som bør gjennomførast. Orgelet vart opprinneleg bygd med tanke på to stemmer til. Desse vil no komme på plass.

Då det vart bygd, vart orgelet aldri ferdig intonert. Intonering er den

prosessen der ein justerer klangen av kvar pipe i forhold til resten av orgelet, og akustikken i rommet, for å få ein einheitleg klang.

Det er også mykje mekanikk og bevegelege delar i eit orgel som må ettergåast for slitasje etter fleire tiår i bruk.

Samla er dette tiltak som vil gi eit instrument som vil fungere godt til bruk i kyrkjelege handlingar, og med større musikalske muligheter enn slik det er idag.

Firmaet som fekk oppdraget med restaureringa er Dietrich Johannes Buder orgelverksted frå Bergen. Restaureringsarbeidet vil starte i januar, det vil då verte ein periode på ca. 3 veker der orgelet skal demonterast. Deretter vil deler som skal reparerast fraktast til Bergen, og vidare arbeid vil foregå i orgelverkstaden. Så vil det bli ein ny periode på ca. 3 veker seinare på vinteren, med montering, intonering og justering i kyrkja, før nyrestaurert orgel skal vere klart til bruk den 1. mai.

Gudstenestene i soknet blir i Lyskapellet, og gravferd vil skje frå Hegge kyrkje med nedsetjing på Lidar kyrkjegard.



SOKNERÅDA I ØYSTRE SLIDRE 2019

ROGNE SOKN

Faste

Per Arne Nerstad
Eli Døvresødegård Skattebu
Rannveig Rogne Villmones
Ola Birger Rogne
Wenche Berg
Petra Janne Kristine Nybråten

Vara

Kjetil Hovi
Espen Rogne
Tryggve Trandokken

VOLBU SOKN

Faste

Liv Hirth Skjel
Bjørn Kristin Skogen Opheim
Øystein Skattebu
Morten Haugseth
Grete Veisene
Olaug Okshovd
Vara
Helge Berger Meisdalen
Kristine Rogne
Nikoline Aleksandra Sindsen Hesjadalen
Tina Rosèn

HEGGE SOKN

Faste

Arnstein Alund
Anita Rudi
Anne Berit Bolstad
Ingrid Hegge
Liv Astrid Reinlie
Bjørn Robøle
Vara
Audun Brusveen
Siv Dahle
Marita Gram
Knut Harald Tveit Thune
Anne Kristin Nordsveen

LIDAR SOKN

Faste

Turi Hedalen
Sissel Dahle Lie
Line Therese Ditlefsen Nilssen
Inger Marit Viken
Nils Harald Bergheim
Olav Amund Lie
Vara
Beate Sunde Knutsen
Ingvild Langli
Gerd Bakkene Brager
Anders Skrebergene



KYRKJELEGE HANDLINGAR

SEPTEMBER 2019 - NOVEMBER 2019

DØYPTE

HEGGE KYRKJE

Birger Blomlie Hegge
Even Stavseth Reinlie

LYSKAPELLET

Daniel Aarøen Haugen
Kristian Lauritzen-Blomlie

ROGNE KYRKJE

Odin Engen

LIDAR KYRKJE

Ida Bjørneseth Storrusten
Aadne Helle Schlytter

VOLBU

Embrik Strand

VIGSEL

LYSKAPELLET

Birgitte Holmsen og Ole-Paulo Kristiansen

HEGGE SOKN YDDIN

Trine Alice Rakstad og Atle Roger Hansen

DØDE

HEGGE KYRKJE

Elke Juliane Hassold Rudi
Finn Dale

ROGNE KYRKJE

Mekjell Røe
Oddvar Leonard Nybakk
Sigmund Rognstad
Ingrid Marie Engen

LIDAR KYRKJE

Anna Grønolen



VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar.

MERK: LIDAR KYRKJE ER STENGT I VEKE 6-18 PGA RESTAURERING AV ORGELET. MESSA BLIR I DENNE PERIODEN FLYTTA TIL LYSKAPELLET.

22 12 2019 LIDAR KYRKJE KL. 19.30.

Vi syng jula inn v/sokneprest Eli Vatn og konfirmantane. Takkoffer Redd Barna.

24 12 2019 LIDAR KYRKJE KL. 13.00.

Julaftangudsteneste v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer SOS Barnebyer.

24 12 2019 ROGNE KYRKJE KL.14.00.

Julaftangudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kirkens SOS.

24 12 2019 LIDAR KYRKJE KL. 15.00.

Julaftangudsteneste v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer SOS Barnebyer.

24 12 2019 HEGGE KYRKJE KL. 16.00.

Julaftangudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Redd Barna.

25 12 2019 HEGGE KYRKJE KL. 12.00.

Høgtidsmesse v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Kirkens Nødhjelp.

Ø.S. SJUKEHEIM KL. 16.30.

Julegudsteneste v/ prost Carl Philip Weisser.

VOLBU KYRKJE KL. 19.30.

Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Soknekassa.

31 12 2019 VOLBU KYRKJE KL. 15.00.

Nyttårskonsert.

12 01 2020 LIDAR KYRKJE KL. 11.00.

Gudsteneste utdeling av 4 årsbøker v/sokneprest Eli Vatn. Dåp. Takkoffer Misjonsprosjektet Mor og barn i Etiopia.

12 01 2020 VOLBU KYRKJE KL. 13.00.

Høgmesse utdeling av 4 årsbøker v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Barne og ungdomsarbeidet i soknet.

26 01 2020 ROGNE KYRKJE KL. 11.00.

Høgmesse utdeling av 4 årsbøker v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Barne og ungdomsarbeidet i soknet.

26 01 2020 HEGGE KYRKJE KL. 13.00.

Gudsteneste utdeling av 4 årsbøker v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Misjonsprosjektet Mor og barn i Etiopia.

02 02 2020 VOLBU KYRKJE KL. 11.00.

Misjonssøndag. Høgmesse. Blasius. v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Misjonsprosjektet Mor og barn i Etiopia. Årsmøte

02 02 2020 LYSKAPELLET KL. 19.30.

Gudsteneste. v/sokneprest Eli Vatn. Lidar har årsmøte kl. 18:00.

09 02 2020 ROGNE KYRKJE KL. 11.00.

Høgmesse v/ prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Kirkens nødhjelp.

23 02 2020 HEGGE KYRKJE KL. 11.00.

Gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer kyrkjebladet På Kyrkjeveg. Årsmøte

01 03 2020 LYSKAPELLET KL. 11.00.

Gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn

08 03 2020 ROGNE KYRKJE KL. 11.00.

Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer kyrkjestogo. Årsmøte

22 03 2020 VOLBU KYRKJE KL. 11.00.

Høgmesse v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Pilegrimsvegen i Valdres.

29 03 2020 HEGGE KYRKJE KL. 11.00.

Gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Utsending av konfirmantar til årets Fasteaksjon. Takkoffer Kirkens nødhjelp.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet. Hjarteleg velkomne.

FULLDISTRIBUSJON

Salmekvelder

i Rogne kyrkjestogo: 20. januar og 16. mars kl. 19.00.

Babysong

14. januar, 4. februar, 18. februar, 3. mars, 17. mars, 21. april.

i Rogne kyrkjestogo kl. 11–13.

Babyar mellom null og eit år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og litt servering.

Sjå òg kyrkja si Facebookside.

Pusterom

I Volbu kyrkje:

13. januar, 10. februar og 23. mars 2020.

Ope kyrkje frå kl. 18.00.

Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

SKULEGUDSTENESTER

Alle er velkomne til skulegudsteneste fredag 20. desember.

Lidar kyrkje	kl. 08.30
Rogne kyrkje	kl. 10.00
Volbu kyrkje	kl. 11.30

JULETRIFEST

Juletrifest på Tingvang søndag den 5. januar 2020 kl. 17.00. Det blir underhaldning, bevertning og gang rundt juletreet. Alle er hjarteleg velkomne. Arr. Sokneråda og Øystre Slidre Røde Kors Omsorg.

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER OGSÅ PÅ FACEBOOK.
/Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.



God Jul